



Referat Samarbeidsutvalget (SU)

Samarbeidsutvalg Ombo Oppvekstsenter
fredag 5.februar 2016 kl 08:30-10:00
Ombo Oppvekstsenter

Tilstade: Frid Rørheim(representant frå andre tilsette), Merete Maberg (representant frå lærar), Jonas Rørheim Larsen (elevrepresentant), Morten Rørheim (elevrepresentant), Marita Handeland(representant frå tilsette i barnehagen), Siv Vestesjø (representant frå skuleforeldre), Gunstein Aukland (representant frå skuleforeldre), Jarl Morten Johansen(rektor og kommunal representant), Eli Lindanger (representant kommune)

Forfall: Egil Andreas Berglund(representant frå barnehageforeldre), John Ingvar Nårstad (representant frå barnehageforeldre), Erlend Nes (vararepresentant kommune), Bente Rørheim, (vararepresentant frå skuleforeldre), Marita Nårstad(vararepresentant frå barnehageforeldre)

Saker

15/2015-2016 Referat 11. nov 2015
Referat 4.9.2015 Godkjent
Referat 11.11.2015 Godkjent

16/2015-2016 Personalsituasjonen JM

Anna konstituert frem til August. Behov for pedagog i barnehagen frå hausten 2016
Grete Ø.E. Søkjer stilling på sentralskulen. Mogleg behov for lærerstilling frå hausten 2016
Merete M søkt studier. Mogleg behov for vikar ca 40%

17/2015-2016 Økonomi

JM har vært i møte på Hjelmeland med kommunalsjefen der. Controller fra Finnøy og rådgiver frå Hjelmeland deltok på møte. Gjennomgang av økonomiåret 2014. Hjelmeland hadde noen spørsmål til forbruk og føringer. Dette ble ryddet opp i og ny avtale lages av kommunalsjef i begge kommuner.

18/2015-2016 sikker skuleveg. JM/Gunstein

Klage på sak om sikker skuleveg ble sendt fra ein forelder til kommunen i haust. Den er gitt medahld av fylkesmannen slik at vedkommande barn no har rett på fri skuleskyss. SU henvendte seg i haust til kommunen om saken «busstilbod for alle». Saka har kommunen besvart med at tilbakemelding vil gis derfra etter sak er behandla i møte slutten av februar.

19/2015-2016 HMT

Me har inngått et prosjekt som heite «nærvarsarbeid» av Arbeidslivssenteret NAV.

20/2015-2016 Høringsrunde på endring av buss/skulebåt (sak sendt på mail 26.jan.2016)
SU Ombo ser ikkje at det er ein fordel at elevar frå Ombo og øyane framskunda skuledagen 30 minutt tidlegare. Me trur det er for tidleg start på dagen for dei som har lang reiseveg. Me er bekymra for at dette kan medføre at me mister hurtigbåtanløpet i dag kl 0825 frå Eidssund. Elevar og barnehage på Ombo brukar i dag denne ruta til turar og arrangement.

21/2015-2016 Mobbing Gunstein

Felles plan for oppvekstsentra i Finnøy «Plan for godt læringsmiljø» ligg på skulens si heimeside. Den er tidlegare behandla av SU. Gjennomgang med følgjande kommentarar:
Skulen: Me har hatt få mobbesakar på Ombo. Me opplever at me tar potensielle saker opp tidleg og løyser undervegs. I tillegg følgjer me plan og lager enkeltvedtak der foreldre, barn eller personale meiner det er grunnlag for dette. Me oppfordrar foreldre å lese planen som ligg på heimesida.

Me vil at våre barn skal ha det best mogleg på skulen. Me treng handlinger i form av at alle barna skal ha positive opplevingar på skulen kvar dag.

Planen som er utarbeida er veldig fin, la denne visa godt igjen i kvardagen, dette vil barna sette veldig stor pris på den dagen dei ser tilbake på skulegangen.

22/2015-2016 Ymse

Informasjonsflyt frå oppvekstsenteret. I dag brukas for mange informasjonskanalar. Lekseplan (papir eller heimesida) og epost brukes som hovudkommunikasjon.

Ønsker å få til et foreldremøte før påske.

Saker frå Elevane

Dei ønskjer seg klatrestativ.

Dei ønskjer seg leksefri.

Betre stolar i klassen.

Saken tas opp til neste møte.

Ref JM